

Eg ... ein fadder!

Det er forskjell på å vere fadder for eit spedbarn og ein ungdom eller ein vaksen. Men det som skjedde i dåpsritualet, peikar på korleis du kan vere ein ekte kyrkjefadder også for vaksne. De stod saman ved døypefonten. Kanskje fekk du òg vere med å leggje ei hand på den døypte til slutt?

*«Den allmechtige Gud har no gjeve deg sin heilage Ande, gjort deg til sitt barn og teke deg inn i sin truande kyrkjelyd. Gud styrkje deg med sin nåde til det evige livet. Fred vere med deg.»*

Dåpen handlar om å høyre til hos Gud og i kyrkja, blant venner og familie, og i Guds store verd. Derfor er det meningsfullt at alle som blir døypte, har med seg minst to fadrar. Ingen skal vere åleine.

Fadderrolla har endra seg gjennom historia. Framleis er dette eit romsleg og tøyeleg omgrep. Du bestemmer sjølv korleis du vil svare på den tilliten du har fått. I dåpsritualet står det kva ansvar fadrane har:

*«De er vitne om at ... er døypt med den kristne dåpen. Saman med kyrkjelyden vår og heile kyrkja får de del i eit heilagt ansvar: å visa omsorg for henne/han, be for henne/han og hjelpe hennel/han til å bruka Guds ord og delta i den heilage nattverden, så ho/han kan leva og veksa i den kristne trua.»*

Å «vekse i tru», er ein livslang prosess både for den som nettopp vart døypt og for den som er fadder. Du kan fylle fadderrolla med ditt eige innhald. Kanskje kan du òg foreslå at de møtast til ei gudsteneste nokre gonger i året; anten ved ei av dei store høgtidene – jul, påske eller pinse – eller ein heilt vanleg søndag?

Saman med den døypte får du då oppleve kva det er å «bruke Guds ord og delta i den heilage nattverden». De får dele ein verdifull time-out ein søndag føremiddag i ei travel veke.

Noko av det som skjer i kyrkja, kjem du til å oppleve positivt, andre ting reagerer du kanskje negativt på. Begge delar kan vere med og gjere den kristne trua di sterkare og meir levande.

Til lukke som fadder.